

MØTEINNKALLING

Utval: **LEIKANGER UNGDOMSRÅD**
Møtestad: **Formannskapssalen**
Møtedato: **01.03.2010** Tid: **1615**

Eventuelt forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
4/10	09/506	Plassering av musikkbinge
5/10	10/65	Søknad om tilskot til årbok for Leikanger ungdomsskule
6/10	10/156	Orienteringar

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Plassering av musikkbinge

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
Arkivsak nr.: 09/506

Arkiv: 223 C30

Sak nr.:	Utval	Møtedato
6/09	Leikanger ungdomsråd	29.09.2009
1/10	Leikanger ungdomsråd	15.01.2010
9/10	Formannskapet	27.01.2010
4/10	Leikanger ungdomsråd	01.03.2010

TILRÅDING:

Leikanger ungdomsråd støt framlegget til Leikanger formannslap om at musikkbingen vert plassert på den gamle sandvollybanetomta ved reinseanlegget på Hermansverk.

DOKUMENT:

- Formannskapssak 9/10.
- Leikanger ungdomsrådsak 6/09.
- Leikanger ungdomsrådsak 1/10.
- <http://www.musikkutstysordningen.no/index.php/musikkbinger.html>

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Leikanger kommune måtte i 2007 stenga øvingsromma i uthusa både på Skrivar- og Fylkesmannsgarden, då dei ikkje stetta krava til branntryggleik. Sidan den tid har ikkje kommunen hatt øvingsrom for uorganisert ungdom som er interessert i pop og rock. Det er ein klar samanheng mellom tilgjenge på øvingsrom og slik aktivitet i ungdomsmiljøet. Aktiviteten i det uorganiserte bandmiljøet har ikkje vore så låg på mange tiår i kommunen. Det må understrekast at slik aktivitet har stor verdi som førebyggjande tiltak så vel som ein kulturell verdi for kommunen.

Leikanger kommune fekk våren 2009 eit tilbod frå Musikkutstysordninga om å kjøp av musikkbinge. Ein musikkbinge er eit mobilt, fullisolert øvingsrom i brakke- eller containerformat som er skreddarsydd for aktivitet innanfor rock og rytmisk musikk. Bingane er støtta av statlege midlar slik at den kommunale delen vert relativt liten. Musikkutstysordninga bidreg med fagleg rettleiing og hjelper kjøparane til å utstyra bingane med høvelege instrument og forsterkarar (backline). Musikkbingane er omsettelege og ordninga hjelper eigarane å selja bingen dersom kommunen finn meir permanente løysingar for slik aktivitet.

Meir detaljar finn ein på <http://www.musikkutstysordningen.no/index.php/musikkbinger.html>

Handsaming:

Leikanger ungdomsråd (LUR) har handsama sak om etablering av musikkbinge, LUR-sak 6/09:

Leikanger ungdomsråd rår til at Leikanger kommune søker om etablering av musikkbinge. Rådet rår kommunen til å satsa på containerutgåva, og at det vert kjøpt inn forsterkarar og instrument for å gjera øvingsrommet klar til bruk. Rådet ber administrasjonen avklare finansiering av eigendelen for kommunen.

og LUR-sak 1/10:

Leikanger ungdomsråd rår til at Leikanger kommune gjer bruk av næringsfondet for ungdom til finansieringa av den kommunale delen til kjøpet av musikkbingen. Kr. 100.000 frå Næringsfondet for ungdom vert nytta til kjøp av musikkbinge.

Leikanger formannskap handsama sak om etablering av musikkbinge, F-sak 9/10:

1. *Leikanger formannskap løyver kr. 100.000 frå Næringsfond for ungdom til finansieringa av den kommunale delen til etablering av musikkbinge i Leikanger.*
2. *Leikanger formannskap gjer framlegg om at musikkbingen vert plassert på den gamle sandvollybanetomta ved reinseanlegget på Hermansverk.*

Finansiering:

Statstilskotet og momskompensasjonen dekkjer store deler av bruttoinvesteringa til ein musikkbinge. Ved val av containerløyvinga dekkjer dette over 68 % av brutto kostnad. Kommunen si del av finansieringa vert noko over 30 %.

Bruttoutlegg for kommunen ved kjøp:	
Kontainar 381.875 kroner	
Brakke 373.375 kroner	
Statleg tilskot: 185 000 kroner	Tilsegn om tilskot i forkant av kjøp. Tilskot vert utbetalt av Musikkutstysordningen etter avtale med kommunen.
Momskompensasjon:	Jf. Lov om mva-kompensasjon.
Kontainar 76.375 kroner	
Brakke 74.675 kroner	
Nettokostnad for kommunen:	Eigendel for kommunen utgjer ca. 30 pst. av bruttoprisen
Kontainar 120.500 kroner	
Brakke 113.700 kroner	

Ungdomsrådet rår til å nytte midlar frå Næringsfond for ungdom til finansieringa av den kommunale delen til kjøp av musikkbinge. Dette fondet har pr. dato innestående 77.000 kroner frå i 2008 og med tilsagn om same sum for 2009. Kommunen har lyst ut midlane både i 2008 og 2009. Det er ikkje komme inn søknader. Kommunen har vedteke eigne retningslinjer for næringsfond for ungdom. Bruk av midlar frå fondet til kjøp av musikkbinge bryt ikkje desse retningslinjene. Det er formannskapet som avgjer bruken av Næringsfondet for ungdom etter tilråding frå ungdomsrådet.

Dersom fondsmidlane frå ikkje vert nytta, kan dei verte inndregne av Sogn og Fjordane fylkeskommune som tildelar midlane. Bruken av midlane skal rapporterast innan 01.02.2010.

Musikkbingen vert levert i ein containertype og ein brakketype. Det er litt større plass i containertypen, og denne er då meir fleksibel i høve bandet sin storleik. Difor bør kommunen satsa på containertypen. Den kommunale kostnaden for containertypen er kr. 120.500

Musikkbingen må ha eit visst tilsyn for å sikra at han vert brukt etter intensjonen, at utstyr vert rett handsama og at det er rimeleg orden under og etter bruk. Sogn kulturskule kan bidra med fagkunnskap og erfaring kring bingen, og vil såleis ha ansvaret for den daglege drifta.

First for å søkje er 1. februar 2010.

Tillegg til handsaming i formannskapet 27.01.2009:

Det er etterkant av møtet i LUR komme informasjon om at det er ønskjeleg at plasseringa av musikkbingen er fastsett i søknaden.

Plassering:

Leikanger ungdomsråd drøfta òg plasseringa av musikkbingen. Dei har vurdert ei plassering på i Hermansverk sentrum, på Schrødertomta, like nord for Saften. Plasseringa er gjort med tanke på å nytta toaletta i Saften og plassering av bingen i sentrum.

Administrasjonen har drøfta saka med utgangspunkt i LUR sitt ønskje om plassering. Schrødertomta er regulert til friareal og ei plassering av bingen der vil verta ei utfordring reint estetisk. For å hindre konflikt med sentrumsgruppa sine planar om grøntareal, vil administrasjonen rå til at musikkbingen vert plassert på kommunen sitt ledige areal på den gamle sandvollybana under riksvegen. Dette arealet er regulert til brannstasjon. Brannstasjonen vert no etablert i leigde lokale ein annan stad på Hermansverk. Denne plasseringa bør gå godt i hop med LUR sitt ønskje om nærleik til toalett. Den gamle sandvollybanetomta har opplegg for straumtilknytning. Framlegget til plassering er gjort i samråd med kulturskulen.

Tillegg til handsaming i ungdomsrådet 01.03.2010:

LUR har tidlegare drøfta plasseringa av musikkbingen. LUR vurderte ei plassering på Schrødertomta i Hermansverk sentrum, like nord for Saften. Tanken til LUR var å nytta toaletta i Saften og ha plassering av bingen i sentrum. Ut frå sitt resonnement her LUR meiner derfor LUR musikkbingen ikkje bør plasserast ved barneskulen eller ungdomsskulen.

Formannskapet tilrår i sitt vedtak i møtet 27.01.2010 at plassering på musikkbingen bør vere på den gamle sandvollybanetomta ved reinseanlegget på Hermansverk. LUR bør ikkje ha noko problem med å følgje formannskapet si tilråding. Sandvollybanetomta er berre eit steinkast frå Schrødertomta, og er like "sentrumsorientert" som denne.

Saka må opp att i formannskapet om LUR kjem med framlegg til anna plassering. LUR har ikkje avgjerande vedtaksmynde når det gjeld lokaliseringssaker. Om LUR følgjer tilråding til formannskapet vert plasseringa avgjort i møtet i LUR 01.03.2010.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til årbok for Leikanger ungdomsskule

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
Arkivsak nr.: 10/65

Arkiv: 223 B08

Sak nr.: Utval
5/10 Leikanger ungdomsråd

Møtedato
01.03.2010

TILRÅDING:

Leikanger ungdomsråd løyver kr. 1.000 til Årbok '10. Løyvinga vert dekkja over post 127024707 Tilskot barne- og ungdomsaktivitet.

DOKUMENT:

- Søknad dat 18.01.2010.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Elevane ved Leikanger ungdomsskule har eige prosjekt om å utgje årbok for skulen. Elevane søkjer ungdomsrådet om økonomisk støtte til utgjevinga.

Handsaming:

Ungdomsrådet har avsett midlar til å stø tiltak som gjeld barne- og ungdomsaktivitetar. Det er tenkt på tiltak som rettar seg mot born og unge og som er sett i gong av born og unge. Eit av prinsippa ved tilskotsordningar i kommunen er at kommunen ikkje skal gje tilskot til seg sjølv til drifta av kommunen. Det kan oppfattast slik her når det dreier seg om eit prosjekt ved ungdomsskulen. Men i utgangspunktet er dette eit reint elevprosjekt som vert drive av elevane. Eit tilskot vil såleis ikkje kome sjølve drifta ved skulen til gode.

Tilråding:

Administrasjonen vil over for ungdomsrådet tilråd at det vert løyvd tilskot på kr. 1.000 til Årbok '10 for Leikanger ungdomsskule.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
Arkivsak nr.: 10/156

Arkiv:

Sak nr.: Utval
6/10 Leikanger ungdomsråd

Møtedato
01.03.2010

Tema/dokument:

1. Ungdomens kulturmonstring 2010

I lista over arbeidsmål for 2010 står oppført Ungdomens kulturmonstring 2010. Rådet bør drøfte arbeidsoppgåver i samanheng med dette arrangementet. Fristen for å melde seg på UKM 2010 i Leikanger går ut 6. mars 2010.

2. Samarbeid mellom Sogndal ungdomsråd og Leikanger ungdomsråd.

Skriv dat. 05.01.2010 frå Sogndal ungdomsråd til Leikanger ungdomsråd. Det vert synt til Leikanger ungdomsrådssak 10/09: Samarbeid med Sogndal ungdomsråd. ungdomsråd. Det er sendt melding attende til Sogndal ungdomsråd om at Leikanger ungdomsråd er positive til eit samarbeid og at det vert teke kontakt om eit felles møte mellom dei to råda.

3. Ungdomsarrangement under NM Fjelltelemark 2010

Orientering på møtet frå Lina Hæreid, Bjørn Søltnæs, Kristian Slinde og Birte Fossheim om arrangement. Det vert Open Hall i Leikangerhallen laurdag 6. mars. Ungdomens kulturmonstring (UKM) 2010 vert flytta frå laurdag 13. mars til Open Hall-tilskipinga.

4. Filmprosjekt på ungdomsskulen

Det vert synt til sak 2/10 i ungdomsrådet i møte 15.01.2010. Birte Fossheim orienterer om planane med filmprosjektet saman med Leikanger ungdomsskule.

5. FAME

Styringsgruppa for ungdomens danseprosjekt FAME har gjeve melding om at FAME kjem til Leikanger. Turneen er ikkje planlagt enno, men tidspunkt vert i veke 32. FAME skal settast i scene av SfjUng, som er ei musikalsk prosjektgruppe under Sogn og Fjordane fylkeskommune.